

# Tømming og kontroll av private slamavskiljarar

ØYGARDEN KOMMUNE



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

[www.oyvar.no](http://www.oyvar.no)

SIDE 1/1

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 19.12.2024 med heimel i lov av 1. juli 2012: Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift av 1. juli 2004. nr 931 om avgrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 anna ledd; jf. forskrift om tømming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.2019 og forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.2019.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2025. Alle gebyrsatsar er inkl. mva.

## ÅRSGEBYR TØMMING

For bustad med slamavskiljar	1 893,-	pr. bueining pr. år <sup>1</sup>
For fritidsbustad med slamavskiljar	1 179,-	pr. bueining pr. år <sup>2</sup>
For andre bygg med slamavskiljar	946,50	pr. m <sup>3</sup> tømming <sup>3</sup>
For bustad med ferjetømming av slamavskiljar	6 000,-	pr. bueining pr. år <sup>1</sup>
For fritidsbustad med ferjetømming av slamavskiljar	3 000,-	pr. bueining pr. år <sup>2</sup>

Merknader:

- 1) Bustad med eigen slamavskiljar blir tømt annakvart år.
- 2) Fritidsbustad og liknande blir tømt kvart 4. år.
- 3) Andre bygg, som til dømes næringsbygg, skular, samlingshus og institusjonar, vert fakturert basert på avløpsanlegget sin belastning og storleik, målt i kubikkmeter. Tømmefrekvensen blir avtalt i samråd med ØyVAR.

### Døme årsgebyr for slamavskiljar med volum 20 m<sup>3</sup> med tømming:

- 3 gonger årleg: 20 m<sup>3</sup> x 3 x kr 1 090 kr = kr 65 400,-
- 2. kvart år: 20 m<sup>3</sup> x 0,5 x kr 1 090 kr = kr 10 900,-

Dersom bustadar eller fritidsbustadar deler slamavskiljar med andre bygg, må tømme-  
frekvensen avtalast i samråd med ØyVAR.

For slamavskiljar som er tilknytt offentleg avløpsnett, er kostnaden til tømming annakvart år  
inkludert i det årlege avløpsgebyret.

### Pris for tilleggsarbeid ved tømming av slamavskiljar

Tilleggsarbeid ved tømming av slamavskiljar blir fakturert direkte frå ØyVAR til abonnenten  
etter faktiske utgifter.

### Pris for ekstratømming

Ekstratømming ut over dei ordinære tømme-  
frekvensane blir fakturert direkte frå operatør  
til abonnenten.

### Årsgebyr kontroll

Saksbehandling i samband med kommunens kontroll og tilsyn med avløpsanlegg/  
myndighetutøving er ikkje avgiftspliktig.

Pr. eige-  
dom tilknytt privat avløpsanlegg

67,- pr. år